Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 9

Fylke: Hedmark

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Engerdal

Emne: Lauving

Bygdelag: Heggeriset

Oppskr. av: Andreas Ropeid

Gard: Heggeriset

(adresse):

G.nr. 3 Br.nr. 7 og 14

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):
Gjermund Gjermunds, f. 1881 : Heggeriset, bonde. Br. nr. 14
Gjermund Heggeriset (Jons) f. 1880 : Heggeriset, bonde. Br. nr. 7.

SVAR

A

1. Det er ingen som lauvar på Heggeriset no. Den tida ein lauva, var lauvet år-visst fôr; ein måtte ha så og så mange kjervar om haust en. Lauvinga tok slutt før siste verdskrigen.

2. Like før slåtten tok ein sammarlóv, men haustlóv blei tatt sist i august etter at slåtten var ferdig.
Det var mest bjørkelóv ein tok. Rogn, selje, ask og osp er det lite av på Heggeriset, men dei tok det dei fekk tak i.
Dei seier ta lóv, han er på lóvtaket. Ordet lóvånn kan óg verta brukt.

3. Lauvet vart tatt med lóvhakke: eit ljå-brot som er fest til eit tett skaft, 1/2 alen langt. | om hausten når det hadde lett for å losna. Det vart samla i rekker og strødd på eit golv til tørking
4. Litt selje- og ospelauv vart tatt med handa; ungdyra fekk det.
Det vart ikkje nytta noko for å verje handa.
4. Kylletrar er ukjent
5. Lauvet vert bunde i kjervar (ein) med same.
Noko av lauvet vert tørka inne i lóa, vert sett opp langs etter veggen, etter at det

8186

hadde hange i trea ein dags tid eller så. Det meste av lauvet vart hengt opp på hjeller. Mellom to tre som stod lagleg til 2-4 m. på kvorandre sette ein opp 2 stenger, ei på kvor side av stommen ei mannshøgd frå bakken. Endane av stengene kvilde på støtter som var sett skrått inne mot trestommen. Mellom stengene vart det sett ned tynne stenger i bakken og kjervene vart trædde inn på (med rota same vegen) desse. Over det heile vart det lagt barkvist til tak og det vart sett skråstøtter på hjellen etter den var ferdig. Når dei „drog opp" kjervene, stod dei på ei lóe, ein trestokk der det var hogge ut trin.

Korkje G. G. eller G. K. hugsar namn på dei ulike deler av hjellen.

Første økta vart nytta til å bera saman og dra opp.

Kjervene vart rekna i sneser, 10 kjerver i ei snes. Kor mange snes det kunne vera i ein hjell, visste ikkje G. G. og G. K. heilt sikkert, men dei trudde 10-15 sneser kunne høva, V-anhende meir.

Det er ukjent at lauv vert raka saman med graset og hesja.

Turrlauv er og ukjent.

6. Lauvet vart frakta heim på vinterføre, mest med skitjelke for det og noko ulendt der ein vanlegvis tok lauv i Heggeriset.

Det var aldri dunning på løvtakslen eller heimkjøringa.

7. Ein tok lauv i innmarka om det fanst noko der, men det aller meste vart tatt utanfor skigarden.

Det var alltid mannfolk som laga

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

8186

til hjellen og drog opp, men elles var det ikkje noko skilnad i så måte mellom mannfolk og kvinnefolk.

8. Til vanleg vart lauvet kjøt heim etter som ein treng det. Det vart då berre slengt inn på låven. Fekk ein tid til det, vart lauvet kjøt heim med ein gong og tørka på låven (sjå 5), men oftast hadde ein korkje tid eller plass.

Ku, sau og geit fekk lauv. Oftast fekk geita sommarlòvet. Det hadde turke og difor mindreverdig kvist, og geita et ikkje kvist. Kvar ku fekk ein kjerv ein gong for dagen. G. G. og G. K. hugsar ikkje kor mange kjervar ein rekna at ein måtte ha pr. dyr for året.

9. Selje, rogn og older vart rekna for å vera best; det vart kalla godlòv.

10. Alm veks ikkje på Heggeriset.

11-15 Samlauving er ukjent.

8186

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING